

---

Saksnr: 2021/19224-164  
Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland  
:

---

Ikkje offentleg: jf. offl. § 26 2. ledd, tildelt utmerking

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		26.10.2021

## Kunstnarstipend. Tildelingar 2021

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune vedtek å tildele til saman 38 kunstnarstipend, kvart på kr 40 000, til:

#### Visuell kunst/kunsthandverk:

Ana Antonio,  
Azar Alsharif  
Aud M S Holmen  
Derek Sargent  
Heidi Bjørgan  
Håkon Holm-Olsen  
Laura Gaiger  
Marianne Morild  
Marta Nerhus  
Nayara Goncalves  
Samuel Brzeski  
Silje Solvi  
Stacy Brafield  
Terese Stenhjem

#### Scenekunst/dans:

Dominika Minkacz-Sira  
Mari Hesjedal  
Mathias Askvik  
Roskva Yasmin Andersen  
Shlomi Ruimi Askildsen  
Wibeke Lüders

#### Film/litteratur:

Anita Vedå  
Eivind Riise Hauge  
Grethe Fatima Syéd  
Hildegunn Wærness  
Hilde Kvalvaag  
John S. Jamtli  
Katrine Sele  
Kjartan Hatløy

**Musikk:**

Alexander von Mehren  
Alwynne Pritchard  
Annabel Guaita  
Christine Sandtorv  
Gabriela Lie Garrubo  
Mari Brunvoll  
Monika Engseth  
Ole Andre Farstad  
Peder Niilas Tårnesvik  
Øyvind Hegg Lunde

## Samandrag

Budsjett 2021: Til fordeling 820 000 kroner, jf. vedtak lyst ut fordelt på stipend a 40 000 kroner. Ekstraløyving på 700 000 gjennom Fylkestinget sak 30/2021(mindreutgift 2020) og sak 21/101 i KULII 08.09.21 . Til saman: 1 520 000 fordelt på 38 stipend a 40 000 kroner
Søknadsfrist 2021: 1. juni
Vedtaks kriterier: Hovudutval for kultur, idrett og integrering 25.03.21, sak 34/21
Kriterier og informasjon om ordninga: Informasjon på <a href="http://vestlandfylke.no">vestlandfylke.no</a>
Ved søknadsfrist var det motteke 151 stipendsøknader. Fordelinga av stipenda mellom dei ulike kunststartane og komiteane er gjort ut frå tal på innkomne søknader.

Denne saka gjeld fordeling av kunstnarstipend. Jf. Budsjettpost og vedtekne retningslinjer lyste Vestland fylkeskommune i vår ut kunstnarstipend for 2021 a 40 000 kroner. Det kom inn 151 søknader innan fristen 1.juni. Til fordeling jf budsjettet vart det då sett av 820 000 kroner.

For å imøtekomme store behov i det frie kunstfeltet/freelancefeltet etter pandemien vart det gjennom vedtak i sak 21/101 i KULII 08.09.21, som ein del av dei ekstraordinære midlane til kulturaktivitet som er råka av pandemien, sett av ytterlegare 700 000 kroner til å styrke kunstnarstipenda i 2021.

Det vert difor innstilt på fordeling av 38 kunstnarstipend i 2021.

Fire fagkomitear har kome med innstillingar til kandidatar.

Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

Bård Sandal  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Jf. Budsjettpost og vedtekne retningslinjer lyste Vestland fylkeskommune i vår ut kunstnarstipend for 2021 a 40 000 kroner. Det kom inn 151 søknader innan fristen 1.juni. Til fordeling jf budsjettet vart det då sett av 820 000 kroner.

Gjennom sak 30/2021(om bruk av mindretgift 2020) i fylkestinget i juni og sak 21/101 i KULII 08.09.21 vart det, som ein del av dei ekstraordinære midlane til kulturaktivitet som er råka av pandemien, sett av ytterlegare 700 000 kroner til å styrke kunstnarstipenda i 2021:

Pandemien har igjen vist kor sårbar kunstnarøkonomien er og det er stor bekymring for korleis det frie feltet og enkeltkunstnarane skal klare seg og bli i feltet. Difor vert det tilrådd å sette av 700 000 kr til ekstra kunstnarstipend som vert delt ut etter dei allereie vedtekne retningslinjene for denne ordninga. (...) Det arbeidast no med organisering av fagkomitear for dette, og om fylkeskommunedirektøren si innstilling vert vedteke vil det verte 17 ekstra stipend til fordeling i haust gjennom desse komiteane. Fylkeskommunedirektøren ser dette som eit godt høve til å få midlar ut til kunstnarane i det frie feltet som har store behov - ved hjelp av fagkompetanse i komitear som allereie er i arbeid.

Profesjonelle kunstnarar innan alle kunstuttrykk og sjangrar som bur og har sitt virke i Vestland fylke kan søkje om desse stipenda. Kunstnarstipenda skal gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnarlege uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk gjennom td. ein periode med fordjupning og / eller fagleg påfyll.

Gjennom dei gjeldande kulturplanane har Vestland fylkeskommune forplikta seg til å ha ein god kunstpolitikk for det profesjonelle kunstfeltet. Regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder, noko som m.a. inneber å styrke vilkåra for kunstnarane og deira produksjon. Stipenda er viktige for å oppnå dette. Den store søkjarmengda syner eit stort behov for slike midlar.

Slik som dei førre åra er dei aller fleste søkjarane var godt kvalifiserte og mange fleire enn dei innstilte kvalifiserte til stipend. Nokre fell utanfor kriteria ved at dei søker om støtte til utstyr ol, som det i følge retningslinjene ikkje skal løyvast stipendmidlar til.

Det er stor variasjon i stil, sjanger og alder mellom søkjarane. Den enkelte fagkomite har forsøkt å spegle dette i si innstilling.

Søknadene fordelar seg i 2021 slik på dei ulike kunststartane / fagkomiteane:

Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design): 55 søknader

Musikk: 45 søknader

Litteratur og film: 30 søknader

Scenekunst (inkl. dans): 21 søknader

I tillegg til dei kunstnarstipenda som vert handsama i denne saka, deler Vestland fylkeskommune i 2021 ut tre stipend innan folkemusikk- og dans. Tildelinga av desse vert også lagt fram til vedtak i dette møte i KULII 26. oktober.

### Arbeidet i fagkomitear

Komiteane skal jf vedteken innretting og kriteria, setjast saman av fagfolk frå utvalde kunstorganisasjonar og -institusjonar. Følgjande organisasjonar /institusjonar vart invitert til å utnemne medlem til komiteane:

Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design): Bildende kunstneres forening Hordaland , Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane, Norske kunsthåndverkere Vest-Norge, KODE, Sogn og Fjordane kunstmuseum.

Musikk: Brak, Vestnorsk Jazzsenter, Bergen filharmoniske orkester, Hordaland fylkeskommune - Seksjon for kulturformidling.

Scenekunst (inkl. dans): Proscen, BIT Teatergarasjen, Bergen dansesenter, Teaterfestivalen i Fjaler.

Litteratur og film: Norsk forfattersentrum Vestlandet, Skrivekunstakademiet og Vestnorsk filmsenter (2 medlemmer)

Det skal vere ei blanding av fagfellevurdering og anna kunstfagleg kompetanse i komiteane. Denne breie samansetting meiner fylkesdirektøren er med på å sikre at ulike kunstsyn er representert og at kunstnarar vert vurdert frå ulike ståstader. Desse stipendkomitéane er rådgjevande og skal vurdere og innstille søkjarar. Fylkesdirektøren opplever at arbeidet som vert gjort i komiteane er svært godt, og at søknadane og kunstnarskapa vert grundig gjennomgått og diskutert. Fylkesrådmannen ser både storleiken på komiteane og representasjonen som hensiktsmessig og god. Medlemmane i komiteane kjenner felte sine godt, og utgjør saman ei svært kompetent gruppe med respekt for kvarandre sine og søkjarane sine spesialfelt.

Fagkomiteane har vurdert og levert innstillingar med mellom 5 - 16 søkjarar kvar. Fylkesdirektøren har så ut i frå ei heilskapleg vurdering gjort ei samla innstilling til politisk handsaming. Fordelinga av stipenda mellom dei ulike komiteane / kunststartane er gjort ut frå søkartal. Fylkesdirektøren si vurdering er basert på fagkomiteane sine innstillingar, og er all hovudsak i samsvar med desse. .

Vedtakskompetanse  
Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader  
Det er eit mål å stimulere til at det er høve til å leve og arbeide som kunstnar i alle delar av fylket, og desse stipenda er reiskap for dette.

Det skal vere kjønnsbalanse og geografisk spreiding i tildelingane - ut frå søkjarmassen som ligg føre. Det er også eit mål at nokre av stipenda vert tildelt kunstnarar i etableringsfasen. Desse føringane for vurderinga er lagt vekt på i informasjonen til komitémedlemmane, og fylkesdirektøren opplever at dette er grundig teke med i diskusjonane og vurderingane i dei enkelte komiteane. Det har også vore teke omsyn til at innstillingane speglar ulike trendar og sjangrar innafor den enkelte kunststart.

Stipendmidlar er forholdsvis frie midlar for den som får tildeling. Det skal leggast vekt på den kunstnarlege aktiviteten, kvaliteten og utviklinga til kandidaten. Det blir lagt vekt på korleis søkjar gjennom søknaden presenterer seg sjølv, og korleis ein vil nytte ein stipendperiode til kunstnarleg utvikling/fordjuping/fagleg påfyll.

### Omtaler av kandidatane

Komiteane har gitt følgjande innstillingar og grunngjevingar av dei enkelte kunstnarane:

### Fagkomite for visuell kunst(inkl. kunsthåndverk)

**Ana Rita De Faria Antonio(1980)** Bergen, arbeider med installasjoner bestående av bl.a. skulptur, tegning og foto, og tar ofte utgangspunkt i funnet materialer. Hun undersøker vårt behov og ønske om kontroll og system innefor hjemmets rammer, og setter dette opp mot det uforutsette og de ukontrollerte hendelser som skjer utenfor hjemmets vegger. I de siste utstillingene har hun jobbet med skulpturelle objekter i papir og pappmasje. En videreføring av dette skal resultere i en sosial struktur der innbyggere i Havanna kan delta i en low tec produksjon av pappmasje, som skal produseres av resirkulert papir samlet inn fra Havannas gater. Stipendet vil ho bruke til reise og produksjonskostnader knytta til hennar deltaking på den 14. Havanna Biennalen. Ana Rita De Faria Antonio har bl.a. en MA fra Kunstakademiet- Institutt for samtidskunst ved Fakultetet for Kunst, Musikk og Design, UiB i 2006

### **Azar Alsharif (1984), Bergen**

Alsharifs prosess og arbeidsmetode er en collage-teknikk som både har et abstrakt og figurativt utgangspunkt. Verkene tar utgangspunkt i funnet eller appropriert materiale som allerede finnes i overflod rundt oss og inspirasjon får hun fra tekst og landskap. Verkene er resultat av en lek med maleri, skannede tekstiler, monotrykk, symboler og et abstrakt alfabet. Alsharif tar materialet ut fra sin opprinnelige kontekst og manipulerer det med ganske forsiktig forskyvning opphav. Materialet er gjerne bilder eller gjenstander som treffer henne emosjonelt. Til hennes kommende utstillinger ønsker hun å gripe an maleri mer dirkete, men også fortsette å arbeide med kombinasjon maleri og collage. Alsharif ønsker å bruke stipendet til finansiering av atelier og tid til produksjon av verk til en kommende separatutstillinger på Kunstgarasjen våren 2022 og på galleri NEVVEN i Göteborg

januar 2023. Azar Alsharif har en MA fra Kunstakademiet - Institutt for samtidskunst ved Fakultet for Kunst, Musikk og Design, UiB, 2011.

**Aud Marit Skarrebo Holmen (1967)**, Gloppen, arbeider hovedsakelig med stadspecifikke kunstverk kor ord, setningar/aforismar ho skriv sjølv er materialet. Dei kan ta form av installasjonar, objekt mm, både ute- og innandørs. Setningane og aforismane kan gjerne vere paradoksale, haltande og ukonvensjonelle når det gjeld grammatikk og setningsbygning. Tematisk tek ho ofte opp mellommenneskelege relasjonar, samt eksistensielle og politiske problemstillingar. Ho er spesielt interessert i språk som formidlingskanal, at meining oppstår gjennom kor og korleis ord vert brukt og sett. Stipendet vil ho nytte til arbeid med 3 ulike kunstprosjekt i 2021; i Nordland, Oslo og Sogn og Fjordane. Skarrebo Holmen er utdanna ved Kunsthøgskulen i Bergen

**Derek Sargent (1984)**, Bergen, jobber t.d. med foto, video og tekst der han undersøker tema som seksuell identitet, originalitet og populærkulturell produksjon. No jobbar han med eit større arbeid som omhandler Norges skeive historie, koblet opp mot 50 års jubileet for avkriminaliseringen av homofili i Norge, som skal markeres i 2022. Gjennom dette arbeidet skal han samarbeide med Skeivt arkiv. Han vil bruke stipendet til å etablere seg som kunstner i Bergen. Sargent har ein MA fra Kunstakademiet- Institutt for samtidskunst ved Fakultet for Kunst, Musikk og Design, UiB i 2021

#### **Heidi Bjørgan (1970), Bergen**

Heidi Bjørgan arbeider som kunstner og kurator. Hun har blitt mer opptatt av å bruke utstillingsmediet til å skape en helhetlig ramme rundt de keramiske verkene sine. Utstillingene er nærmest fått karakter av et Gesamtkunstwerk eller en totalinstallasjon. Andre ganger arbeider Bjørgan med forskjellige tablåer. Ideer til utstillingsdesign får hun fra film, musikk og teater. På Nitja Senter for Samtidskunst vil hun forandre utstillingsrommene ved hjelp av maling, tekstiler, tapet, gamle møbler, utstoppede dyr og lyseffekter. Heidi Bjørgan ønsker å bruke stipendet til en separatutstilling på Nitja Senter for samtidskunst i november 2021. Heidi Bjørgan har en MA i keramikk fra Kunstakademiet - Institutt for samtidskunst ved Fakultet for Kunst, Musikk og Design, UiB, 2000 og en MA i Creative Curating 2010 samme sted.

**Håkon Holm-Olsen** sine arbeid tek utgangspunkt i funne materiale som blir gjennomarbeida og sett inn i nye samanhengar. Hovudmedia er collage, teikning og skulptur der han legg opp til dialog mellom ulike bildeseriar og framstillingar i omfangsrike montasjar på vegg ofte med innslag av tredimensjonale objekt med kombinasjonar av skulptur og collage. Holm-Olsen har MA- master i kunst frå Kunsthøgskolen i Bergen. Stipendet skal brukast til kunstnarleg fordjuping.

**Laura Gaiger** arbeider med fiktivt scenisk maleri, muralmaleri og banner(stridsflagg), både som stadspecifikk/sensitiv installasjon, i utstillingsrommet og i det offentlege rom. Ho nyttar malerimediet til å utfordre kulturelle sanningar gjennom tableaux-liknande framstillingar i historiemaleri-sjangeren. Motiva representerer alternative framstillingar av den kollektive hukommelsen og utforskar maleriet sin rolle i forminga av den. Gaier har ein MA frå Kunstakademiet - Institutt for samtidskunst ved Fakultet for Kunst, Musikk og Design, UiB. Stipendet skal brukast til kunstnarleg fordjuping og til utvikling av teknikken muralmaleri (fresko) på Muralverkstedet i Oslo.

**Marianne Morild (1972)**, Bergen, har jobbet med maleri med tema rundt oljeleting og utopiske land. Stipendet vil hun bruke til å fordype seg i maleriet basert på Bruno Latours tanker om «å lande på jorden» - en sivilisasjonskritikk med et klimaperspektiv. Hun vil flytte perspektivet til et nærmere blick på landskapet, kystlinjen og hva vi finner der, av etterlatte ting, ruiner og håp. Hun ønsker også å utvikle den maleriske behandlingen av tema, til et mer konkret og tredimensjonalt uttrykk. Gjennom maleriet vil hun utforske alternative fortellinger om framtiden, et alternativ til den klimaangsten mange har kjent på i noen år. Morild har en MA i Fine Art fra Central Saint Martin's College of Art & Design i London I 2013

#### **Marta Nerhus (1955), Bergen**

Marta Nerhus arbeider med streng og metalltråd som hovedmaterialet. Med strengen og det strikkede råmaterialet modellerer Nerhus skulpturer og objekter for vegg eller installasjoner i rom. Utstillingene er oftest tematiske og med et litterært eller politisk utgangspunkt. Fra 2020 har Nerhus arbeidet mer med farget metalltråd, gjerne i lag på lag med ulike farger som så skaper nye farger, som en transparent akvarell. Hun bygger opp bilder med metalltrådsnetting på malte lerreter. Nerhus er inspirert av landskap, natur, planter og småkryp til havs og til lands og etterstreber et følsomt uttrykk. For å videreutvikling trenger Nerhus fordypningsperiode på atelieret og ønsker å bruke stipendet til atelierleie og materialer.

Nerhus har sin utdanning fra Statens Kunsthøgskole Bergen, tekstil med diplom fra 1988.

#### **Nayara K.T. Leite Goncalves (1989), Bergen**

Goncalves arbeider med analog fotografi, performance, tekst, installasjon og video. Gjennom selvbiografiske fortellinger, politiske nyheter fra Brasil, brev til nære venner og arkivmateriale portretterer hun LGBTQ+ miljøene i Brasil og Norge. De siste to årene har Goncalves arbeidet med prosjektet Meus Caros Amigo. Prosjektet består av at brevkorrespondanse mellom Goncalves og ti nære venner hvor LGBTQ+ miljøet under president Jair Blasonaro er tema. Nayara K.T. Leite Goncalves ønsker å bruke stipendet til å utvikle prosjektet Meus Caros Amigos. Nayara K.T. Leite Goncalves har en MA fra Kunstakademiet - Institutt for samtidskunst ved Fakultet for Kunst, Musikk og Design, UiB, 2020.

**Samuel Brzeski (1988)**, Bergen. Gjennom videoinstallasjon, lyd, tekst og performance undersøker Brzeski ubehag og latent panikk i den digitale kulturens språk, med en underliggende kritikk mot Neoliberalismens tankegang om produktivitet og selvutvikling. Brzeski vil bruke stipendet til utvikling av verket *Cruel Optimism* som skal stilles ut både nasjonalt og internasjonalt. Brzeski har ein MA fra Kunstakademiet- Institutt for samtidskunst ved Fakultetet for Kunst, Musikk og Design, UiB i 2018 og utdanning fra The Mountain School of Arts Los Angeles i 2019.

**Silje Solvi** sine arbeider fokuserer på tidkrevjande handverk og kunnskapen som sit i hendene. Hovudmedie er tekstil med utgangspunkt i fotografi og transformering av fragment av historiske fotografiske augneblink av levd liv. På ein botn av seglduk med fargelag i akryl blir punkta i rastret blir til punkta i broderiet. Solvi har Bakgrunn frå tekstil på Statens Håndverks og Kunstindustriskole og Fakultet for visuell kunst på Kunsthøgskolen i Oslo. Stipendet skal brukast til kunstnarleg fordjuping utvikling gjennom utforske den svært tid- og materialkrevande tekstile tufteteknikken.

**Stacy Brafield (1987)**, Bergen, fokuserer på sosiale og relasjonelle prosjekter der samhandling med andre deltagere og publikum står i fokus. Dette undersøker hun gjennom flere sjangere som performance, intervensjoner, maleri og tekst, og er særlig opptatt av møtepunktene mellom det hverdagslige og det performative. Brafield er også med å drive det kunstnerstyrte studioet Aerial i Bergen. Hun ønsker å bruke stipendet til sitt prosjekt til Vestlandsutstillingen 2022 og til eit samarbeidsprosjekt i samarbeid med Bergen fengsel som skal fokusere på det sosiale aspektet med å dyrke, hauste og lage mat. Brafield har ein MA fra Kunstakademiet- Institutt for samtidskunst ved Fakultetet for Kunst, Musikk og Design, UiB i 2014

**Terese Stenhjem (1986)**, Bergen, arbeider innen elektronisk kunst med kinetisk installasjonskunst, lydlandskap og lys. Prosjektet hennes går ut på å forsøke å komme nærmere naturen gjennom å lære om naturen og etterligne naturlige fenomener. Hun undersøker hvordan naturen blir representert av menneskeheten, naturlig/unaturlighet og hvordan naturen gjennom tidene har blitt brukt til å symbolisere den menneskelige psyke og sinnsstemninger. Stipendet vil hun bruke til å videreutvikle sine ferdigheter og kunnskaper gjennom kurs i forskjellige elektroniske komponenter. Stenhjem har en MA fra Kunstakademiet - Institutt for samtidskunst ved Fakultet for Kunst, Musikk og Design, UiB.

### **Fagkomite for scenekunst(inkl dans):**

#### **Dominika Minkacz-Sira**

Dominika Minkacz-Sira ønsker å bruke kunstnerstipendet til å videreutvikle det bergensbaserte figurteaterkompaniet Open Window Theatre, samt utvide egen kompetanse som kunstnerisk og daglig leder for kompaniet. Minkacz-Sira og Open Window Theatre har de siste årene gjort seg bemerket med sine sterke, gjennomarbeidede og tankevekkende forestillinger, og ønsker å jobbe målrettet for å nå ut til et enda større publikum. Minkacz-Sira ønsker også å skape nye internasjonale samarbeid - og styrke allerede etablerte relasjoner, samt jobbe for å åpne et kompetansesenter for Figurteater i Bergen - et sted med egen scene, verksted, prøverom - og på sikt en festival.

#### **Mari Hesjedal**

Mari Hesjedal er busett på Voss og har ein mangslungen bakgrunn. Ho har studert teatervitskap, scenografi, film og video, og gått forfattarstudium. Ho arbeidar som dramatikar, scenograf og kostymedesignar. Ved hjelp av stipendet vil ho utforske samanhengen mellom dei ulike praksisene i kunstnarskapet sitt og danne grunnlag for vidare arbeid. Dramatikken hennar er i haust aktuell på Det Norske Teatret, og tidlegare prosjekt har vore programmerte på Festspillene i

Bergen, Hordaland Teater og Dramatikkens Hus. Ho har medverka ved Teateret Vårt, Teater Ibsen og Den Nationale Scene med sitt virke innan scenografi, video/prosjeksjon og kostyme.

### **Matias Askvik**

Matias Askvik er scenograf med base i Lærdal. I tillegg er han medvirkende i kompaniet by Proxy. Hans arbeid har stort fokus på en aktiv scenografi med lyd, lys og andre sanselige elementer som lukt, smak og berøring. Kunstnerstipendet vil bli brukt på kompetanseheving innen programmering og lys. Det er behov for flere unge scenografer i Norge og Askvik har en sterk drivkraft og vi mener han er en viktig stemme å satse på.

**Roskva Yasmin Andersen** er dansekunstnar og koreograf busett i Bergen. Ho har ei brei utdanning innan dans og pedagogikk frå Oslo, Stavanger og Amsterdam. Ho er ein sterk og iøyefallande dansar og arbeider i eigne og andres verk i ulike konstellasjonar. Snarleg skal hennar nyaste verk *A story* visast under Dansefestival Barents, andre verk har tidlegare vore viste mellom anna under Oktoberdans og ved Kilden Kulturhus. Stipendet vil ho bruke til å reise for å oppsøke relevante workshops for å kunne videreutvikle seg som dansar og til å knytte nye kontaktar og skape eit større nettverk utanfor Noreg.

### **Shlomi Ruimi** (NB! Ikke ferdig pr. 8.10.21)

Shlomi Ruimi representerer en unik stemme og drivkraft for et scenisk uttrykk som ikke finnes på Vestlandet; drag show som tilhører undergrunnsmiljøets frigjøring av transpersoner. Ruimi har en sterk bakgrunn som danser lokalt ved Carte Blanche, og også internasjonalt. Kunstnerstipendet vil bli brukt til å øke kompetansen i videoredigering som er sentralt for hans uttrykk og avgjørende for å holde følge med utviklingen i resten av verden.

### **Wiebke Lüders**

Wiebke Lüders er basert på Voss og har ein sjelden kompetanse på tradisjonelt europeisk dukketeater. Ho er både dukkemaker, dramatiker, regissør og dukkespiller. Ho søker om kunstnarstipend for å utvikle to ulike nye dukketeaterframvisningar for barn og unge. Ho kombinerer klassisk litteratur og musikk, med ein klassisk men sjelden form for dukketeater.

## **Fagkomite for film og litteratur:**

**Anita Vedå** (f. 1987) frå Bergen har bachelor i Film- og TV-produksjon frå Universitetet i Bergen. Ho driv selskapet SMAU media saman med Maria Galliani Dyrvik, og jobbar som produsent, fotograf og klipper.

Vedå står bak fleire kortfilmproduksjonar, og har ei rekke prosjekt i utvikling, hovudsakleg innanfor dokumentar.

Vedå skal nytte stipendet til å utvikle seg som fotograf gjennom prosjektet «Hope is a word», som portretterer to menneskerettighetsaktivistar som har poesi som sitt våpen, og som finn seg i sårbare eksiltilvære. For dokumentarfilmfotografar ligg det ei særskilt utfordring i å fange situasjonar som ikkje let seg rekonstruere, og Vedå ønskjer å fordjupe seg på dette området.

**Eivind Riise Hauge** (f. 1980) frå Bergen debuterte i 2010 med novellesamlinga «Victor Tukmakovs siste vinter», og har sidan markert seg som ein allsidig forfattar med utgjevingar i ei rekke sjangrar: roman, novellesamlingar, sakprosa og skodespel. Riise Hauge har tidligare studert ved Skrivekunstakademiet.

Han vil nytte stipendet til frikjøp av arbeidstid for å skrive ein oppfølgar til romanen «Korrektur av eit sorgens kapittel».

**Grethe Fatima Syéd** (f. 1968) er ein norsk litteraturvitar og omsetjar, samt forfattar av både skjønnlitteratur og sakprosa. Syéd har doktorgrad på Olav Duun, og har gjeve ut bøker om både Duun og Torborg Nedreaas. Ho har vore ein stor ressurs i arbeidet med formidling og synleggjering av desse forfattarskapane, og ho sit i styret til både Olav Duun-ringene og Torborg Nedreaas-selskapet. Syéd debuterte som skjønnlitterær forfattar med boka «Eventyr for voksne» i 2020. Syéd er busett i Bergen.

Ho vil nytte stipendet til å skrive ei bok med arbeidstitelen «Hjem til det fremmede. Hvordan mangle en fortelling, men skape en historie». Boka befinn seg sjangermessig i eit landskap mellom reiseskildring, essay og memoar.

**Hildegunn Wærness** (f. 1979) frå Stord er ein erfaren filmskapar som er utdanna ved Universitetet i Stockholm og Universidad del Cine i Buenos Aires.

Wærness har tidlegare utvikla seriesuksessen «Fjorden Cowboys», ho har regissert fleire dokumentarfilmar og seriar, og held blant anna på med musikkdokumentaren «Enter Skatebård - Love in the night».

Wærness skal nytte stipendet til tverrfagleg fordjuping i ein aktuell og viktig tematikk: Kva tyder feminisme i praksis i Norge i dag? Kva er forholdet mellom det som vert ytra i offentlegheita, på sosiale medier, og det ein faktisk erfarer i verkelegheita? Dette arbeidet inngår som ein del av spelefilmprosjektet «I selskap med gutter», som ho utviklar med støtte fra Vestnorsk filmsenter.

**Hilde Kvalvaag** (f. 1968) er ein norsk journalist og forfattar. Kvalvaag er utdanna sosialantropolog med feltarbeid frå Derry i Nord-Irland. Ho har fleire utgjevingar bak seg, både for ungdom og vaksne. Ho har motteke ei rekke prisar for arbeidet sitt. Ho vil nytte stipendet til å ta permisjon frå jobben sin ved UiB for å skrive på ein roman som dreier seg om to kvinner som møtast gjennom 21 år, for å gå langdistanseruter i Storbritannia.

**John S. Jamtli** (f. 1982) er illustratør og tegneserieskapar. Jamtli har også jobba med film, videospel og illustrasjonar. Han har gjeve ut teikneseriane «DASS», «Sabotør» og «Sabotør: Operasjon Muskedunder». Han har òg illustrert teikneseriealbumet «Anunnaki, Norges Ninjakommandør» og «Magnus Carlsen og sjakkmorderen»

Han vil nytte stipendet til å kunne skrive og illustrere teikneseriealbumet «Sabotør: Tungtvannsaksjonen», i eit frittstående nytt bind.

**Katrine Sele** (f. 1972) er ein norsk forfattar og journalist. Ho har skrive fleire kritikarroste sakprosa-utgjevingar. Siste utgjeving er «Einars bok» (2021), ein biografi over ein gut som berre vart fire år. Sele har gjennom utgjevingane sine og arbeidet som journalist synt ein særeigen empati og ei uvanleg evne til å kome nær andre menneske. Ho har ein særmerkt penn og har vorte tildelt fleire prisar, mellom anna Sivleprisen (2008) og Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar (2012). Sele er busett på Jølster.

Sele skriv no på ei bok for ungdom som skal utforske balansen mellom å inngå i ein relasjon og å tape seg sjølv i den.

**Kjartan Hatløy** (f. 1954) er ein av norsk litteraturs store namn. Han har heilt frå debuten skrive fram eit særeige blikk på verda. Særleg mykje merksemd har Hatløy fått for bøkene «Fjord» (2011), «Kjøkkendikt» (2012), «Mi meinings hus» (2014) og «Den kvite vegen» (2016). Hatløy har dei seinare år vorte særleg kjend for det poetiske blikket på menneske og natur. Kva er eit tilvere, kva er det å finnast? Kva er som som utgjør ei hending? Hatløy er busett på Salbu ved Hyllestadfjorden.

Han har vore nominert til og vunne fleire gjeve prisar. I 2021 var han mottakar av Doblougprisen og han vart tildelt Diktartavla i 2015.

Han arbeider no på ei bok som tek utgangspunkt i skrivinga til Martin Heidegger, ein filosof som har vore viktig for Hatløy gjennom heile forfatterskapen. Han vil nytte stipendet til å arbeide vidare med dette prosjektet.

## Fagkomite for musikk:

### **Alexander von Mehren**

Alexander von Mehren er musikal, soloartist og musikkprodusent. Han har vore live- og studiopianist for Sondre Lerche og studiomusikar for ma. Kings of Convenience, Aurora og Young Dreams, og har turnert i ma. USA, Japan, Brasil, England, Frankrike og Tyskland. Han har også fleire utgjevingar som soloartist. Stipendet vil han nytte til å utvikle seg som musikal og produsent gjennom eksperimentering og fordjuping i arrangering, i tillegg til innspeling og miksing av nytt studioalbum som han planlegg å gje ut våren 2023.

### **Alwynne Pritchard**

Alwynne Pritchard er musikar, lydkunstnar og komponist med utdanning frå ma. Royal Academy of Music i London. Ho har gjort seg bemerkta som kunstnarleg leiar både i Borealis og BIT 20 og har brei erfaring innan både klassisk-, teater- og kunstmusikk. Alwynne Pritchard har vunne ei rekkje prisar og fått ei rekkje utmerkingar både nasjonalt og internasjonalt. Ho vil nytte kunstnarstipendet til å omarrangere eit verk for symfoniorkester til solostemme

### **Annabel Guaita**

Annabel Guaita er ein norsk-spansk klassisk pianist med musikkutdanning frå Barcelona og Griegakademiet. Gjennom det nasjonale stipendiatprogrammet for kunstnarleg utviklingsarbeid tok ho doktorgrad på prosjektet «The Atonal Piano», noko som også førte til utgjeving av plate på LAWO Classics. Annabel Guaita har spesialisert seg på musikken frå det 20. århundret og har halde konsertar i Noreg, USA, Nederland, Argentina og Finland. Ho vil nytte stipendet til innstudering og rettleiing hos pianoprofessor Jochen Köhler i Wien i samband innspeling av ny CD med musikk av ma. Ketil Hvoslef og Harald Sæverud.

### **Christine Sandtorv**

Christine Sandtorv er ein musikar, tekstforfattar og komponist som dei siste åra har gjort seg mest bemerkta gjennom plater og konsertar for born i sitt eige namn. I tillegg har ho også vore popstjerne for eit meir vakse publikum i bandet Ephemera. Christine Sandtorv har vunne Spellemannprisen for beste barneplate to gonger og har vore på mange turnear for Den kulturelle skulesekken. Ho vil nytte kunstnarstipendet til kunstnarleg vidareutvikling.

### **Gabriela Lie Garrubo**

Gabriela Garrubo er ein norsk-brasiliansk songar med bachelor i utøvande jazz frå Griegakademiet. Ho har spelt på ei rekkje scener og festivalar, ma. Nattjazz, Festspillene i Bergen, MaiJazz, Vill Vill Vest, Borealis og Finsejazz. I tillegg til sitt eige soloprojekt samarbeider ho med ma. 8-strengsgitaristen Per Olav Kobberstad (tradisjonell brasiliansk musikk), produsenten Life of Puffin (Eirik Blåsternes), og ein kvartett med tre vokalister og ein cello (Kleive, Garrubo, Kristjansdottir, Boveda). Stipendet skal nyttast til å ferdigstille debutalbumet *Rodando*, som ho planlegg å gje ut våren 2022.

### **Mari Brunvoll**

Mari Bruvoll har bachelor i utøvande jazzvokal frå Griegakademiet og er i dag rettleiar for studentar på same studium. Hennar soloprojekt og verksemd som musikar og vokalist i band som Building Instrument, Stein og Mari og L`Ensemble Ensemble har blitt lagt merke til både nasjonalt og internasjonalt. Mari Bruvoll har fått ei rekkje prisar, utmerkingar og stipend, og har fått mykje merksemd gjennom fleire bestillingsverk, komposisjonar og lydinstallasjonar for ma. film og teater. Ho vil nytte kunstnarstipendet til komponering og vidareutvikling av eige soloprojekt.

### **Monika Engeseth**

Monika Engeseth (Moyka) er artist, låtskrivar og produsent. Ho lagar og produserer elektronisk pop inspirert av alternative popsjangrar, undergrunns klubbmusikk og synth-musikk. I 2019 ga hun ut EP-en "Circles", i 2020 EP-en "Spaces", og i år ferdigstiller ho debutalbumet sitt, "The Revelations of Love". Monika Engeseth ynskjer å halde fram med å utvikle soloprojektet sitt som artisten Moyka, og kunstnarstipendet skal difor nyttast til å fordjupe seg i produksjonsteknikk og låtskriving i samband med utgjeving av hennar neste album.

### **Ole Andre Farstad**

Ole Andre Farstad har musikkutdanning frå Universitetet i Agder og Guildhall School of Music & Drama. Han spelar ei rekkje ulike strengeinstrument, og har studert musikk frå heile verda, noko han framleis held på med. Som frilansmusikar driv han fleire eigne prosjekt som td. Meelodi og Odisea 4tet saman med musikarar frå fleire ulike land. Han har vore initiativtakar til prosjekt som Bergen Improband, og medverka i ulike produksjonar for Den kulturelle skulesekken og community-prosjekt som «Vi Komponerer». Han ynskjer å bruke kunstnarstipendet til vidare fordjuping på ulike strengeinstrument.

### **Peder Niilas Tårnesvik**

Peder Niilas Tårnesvik (Niilas) har dei siste åra markert seg som ein sjangeroverskridande artist innan elektronisk klubbmusikk, og i 2021 fekk han Spellemannprisen i kategorien «beste elektronika» for albumet "Also this will change". Kunstnarstipendet skal nyttast til komponering og produksjon av det neste albumet hans, der han vil sjå nærare på den samiske estetikken i relasjon til elektronisk musikk og prøve å gje eit svar på spørsmålet "kva er samisk-elektronisk musikk i 2021?"

**Øyvind Hegg Lunde**

Øyvind Hegg Lunde er trommeslagar og komponist med bachelor og master frå Griegakademiet. Han er ein ettertrakta musikar som medverkar i ulike prosjekt og band som td. Building Instrument, Strings & Timpani, Electric Eye og Erlend Apneseth Trio. Øyvind Hegg Lunde har skrive fleire bestillingsverk for born, ungdom og vaksne og er tildelt fleire stipend, prisar og utmerkingar. Han vil nytte kunstnarstipendet til vidareutvikling av aktive prosjekt og seg sjølv som musikar.

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett og løyvde ekstramidlar. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

**Klima:** Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i dei gjeldande regionale kulturplanane .

**Konklusjon**

Fylkesdirektøren stiller seg bak stipendkomiteane sine innstillingar og grunngjevingar, og tilrår å tildele stipend til dei 38 kunstnararane slik det står i vedtaket.